Kulturrettleiaren

Korleis få med barn og unge på dykkar aktivitet? – Ein rettleiar til hjelp for organisasjonane

Hurra! Denne rettleiaren har infotekn med meir informasjon. Opne i Adobe Acrobat for best resultat.

Korleis rekruttere nye medlemmar:

Denne rettleiaren er meint å vere eit samla tilbod, saman med sjekklista, med viktig informasjon om korleis nå ut til målgruppene dykkar. Den skal òg vere eit ressurs-bibliotek med oversikt over viktige nettsider, tilskotsordningar og nyttige tips som kan hjelpe med betre kommunikasjon og oppfølging av deltakarar.

VIKTIGE KONTAKTAR I LOKALSAMFUNNET

Er det nokon i dykkar lokalsamfunn som er i kontakt/jobbar med barn og unge i løpet av oppveksten, som dykkar organisasjon kan jobbe tettare med? Eksempel på dette er:

Kommunen og fritidskoordinatorar
Viss din kommune har ein fritidskoordinator, eller andre roller i kommunen som jobbar med kultur, frivilligheit og barn og unge, betyr det mykje å ha ein god dialog og samarbeid der.

Skulen
For dei aller fleste er skulane ein viktig plattform for å nå ut med fritidsaktivitetar. Viss skulen ikkje ønskjer å informere om fritidsaktivitetar av ulike grunnar, kan UngFritid hjelpe dykk i dialogen med skulen. Ikkje berre er det enklare å nå barna, men dei vaksne får ei ekstra støtte og tryggleik i at informasjonen og oppmodinga kjem gjennom skulen – som er ein arena dei gjerne er tryggare på enn den frivillige. Det blir lettare for dei av oss med innvandringsbakgrunn å få lov til å dela på fritidsaktivitetar viss informasjonen kjem gjennom skulen.

Samarbeid med organisasjoner
Eit godt samarbeid om informasjon om fritidsaktivitetar med for eksempel minoritetsorganisasjonar, gir barn og unge med innvandringsbakgrunn ekstra tryggleik då det er deira «eigen» organisasjon som informerer. Lær meir om inkludering og samarbeid med minoritetsorganisasjonar hos Frivillighet Norge.

Undersøk om det finst eit Kulturråd i kommunen du bur i. Eit kulturråd er ofte ei samanslutning av dei frivillige kulturlaga i kommunen, og er felles talerøyr for laga opp mot lokale myndigheiter.

Veit du om det er ein kyrkjelyd eller dialoggruppe der du bur?

Dette kan vere ein fin inngang til å dele informasjon om dykkar aktivitetar til ei fleirkulturell målgruppe.

Les meir om viktigheita av eit godt samarbeid, og laget rundt barnet her.

TIPS TIL KOR OG KORLEIS NÅ UT

Få oversikt over kor organisasjonen dykkar har informasjon ute. Tips: Google organisasjonen sitt namn. Finst det facebookgrupper eller instagramkontoar som ikkje er aktive, bør de vurdere å slette desse viss de ikkje skal bruke dei. Det verkar forvirrande for potensielle deltakarar viss det ligg informasjon ute som ikkje er oppdatert.

Sosiale medium: Er organisasjonen på sosiale medium (Facebook, Instagram) er det viktig at informasjonen der er oppdatert og gjerne aktiv der oppdatert informasjon om aktiviteten blir delt.

Lokalaviser: For synlegheit i lokalmiljøet kan det vere lurt å ha god kontakt med lokalaviser og radio. Særleg på mindre plassar er lokalavisene opptekne av kva som skjer. Har de konsert snart? Send ein e-post med informasjon om det.

Synlegheit i lokalmiljøet: Still opp på eit eksisterande arrangement i kommunen (ein marknad, torgdag, osb.) og syn fram aktiviteten de held på med, eller ha ei pop-up framsyning på for eksempel eit busstopp i kommunen.

Ungfritid: Ungfritid.no er ei digital oppslagstavle der frivillige organisasjonar kan legge ut varige fritidsaktivitetar for barn og unge.

Skulen: Frivillighet Norge og fleire, jobbar med å få meir informasjon om fritidsaktivitetar inn i skulen. Særleg helsesjukepleiarane blir oppmoda til å syne fram ungfritid.no når ein elev fortel at dei ikkje har ein fritidsaktivitet. Vi oppmodar kulturorganisasjonane til å legge sine aktivitetar inn i ungfritid.no



Hurra! Denne rettleiaren har infotekn med meir informasjon. Opne i Adobe Acrobat for best resultat.

Minoritetsorganisasjonar: Dette er trygge og etablerte plattformar for barn og unge med minoritetsbakgrunn, difor vil det bli opplevd som trygt viss det er deira organisasjon som distribuerer info om aktiviteten. Å få med fleire barn og unge med minoritetsbakgrunn betyr i like stor grad å trygge foreldra som er utrygge på eit norsk frivillig system.

KORLEIS FÅ MED LÅGINNTEKSTFAMILIAR?

LNU, Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar, held på å utvikle rettleiar på korleis ein kan opprette samarbeid med fleirkulturelle organisasjonar for å få med låginntektsfamiliar. Fokuset er på å etablere gode samarbeid som fører til at ein når ut til desse familiane gjennom organisasjonar dei allereie er aktive i, men som ikkje er tradisjonelle majoritetsorganisasjonar. Ein rettleiar er venta mot slutten av 2025. Vi tilrår å følgje med på LNU sine nettsider for prosjektet: LNU Styrk – LNU – Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar. https://www.lnu.no/kompetanse/styrk/

Korleis halde på medlemmane når dei er rekruttert:

FADDERORDNING - KORLEIS LUKKAST

Introduser fadderordningar for nye medlemmar og ikkje gløym å inkludere foreldra! For dei aller fleste barn er det stas å vere fadder. Å ta litt ekstra i mot ein ny person som kjem på aktiviteten, gir meistringskjensle og er ein tryggleik for det nye barnet.

MAT

Viss det skal bli servert mat på øving, tur, seminar eller dugnad, kan det vere greitt å informere deltakarane tidleg kva slags type mat som blir servert. Vi er vant til å ta omsyn til allergiar, men det kan òg vere fint med ein oversikt over mattypar som ikkje alle kan ete grunna religion eller kultur.

Dette er lurt å ha eit bevisst forhold til heile vegen:

PERSONVERNOPPLYSNINGAR (GDPR)

Personvern handlar om retten til å ha eit privatliv og retten til å bestemme over eigne personopplysingar. For frivillige organisasjonar er det viktig at medlemmar og samarbeidspartnarar har tillit til korleis personopplysningane blir handsama.

Ein **personopplysning** er alle opplysingar som kan bli knytt til ein fysisk person. For eksempel namn, alder, e-post adresse, postadresse osb. Tips til korleis dette blir gjort finn du i infopunktet.

SPRÅK

Ordet «frivilligheit» kan med fordel bli forklart i kommunikasjonen ut til nye deltakarar. Det er ikkje alle som har ei klar formeining om kva frivilligheit er.

Korleis vi snakkar om organisasjonen vår og dei vi vil nå har stor betyding for kven som opplever å vere velkomen. Dette er viktig når vi skal rekruttere nye frivillige, medlemmar eller deltakarar, gjennomføre aktivitetar og fremje våre saker. Kva for ord vi brukar kan ha stor betyding for den eller dei som blir omtala. Les meir på Inkluderingskoden.no

Eit godt tips er å skildre organisasjonen eller aktiviteten til nokon som aldri har høyrd om dykk før. Fleire tips om dette finn du i sjekklista.

Det er viktig at info om aktivitetane er på engelsk i tillegg til norsk. For å nå ut til fleirkulturelle barn og unge, så må informasjonen både vere tilgjengeleg for barn og ungdom, men òg foreldre. Ofte kan informasjonen til foreldre vere ein støtteinformasjon til hovudinformasjonen, og den bør vere på engelsk (då dei fleste fleirkulturelle kan engelsk, eller kjenner nokon som kan engelsk).

Ressursar til språkbruk

Kulturrettleiaren

Korleis få med barn og unge på dykkar aktivitet? – Ein rettleiar til hjelp for organisasjonane

Hurra! Denne rettleiaren har infotekn med meir informasjon. Opne i Adobe Acrobat for best resultat.

VISE MANGFALD

For å nå ut breiare, er det viktig at fleire kan kjenne seg igjen i informasjon som blir gitt. Vis eit mangfald av deltakarar i marknadsføringa av aktiviteten, for eksempel gjennom bilde, filmar, illustrasjonar eller tekst. Viss ein mogleg deltakar ser nokon som liknar seg sjølv, er det lågare terskel for å oppsøke aktiviteten. Dette gjelder for eksempel funksjonsmangfald og fleirkulturelt mangfald.

GODE RETTLEIARAR I KULTURFRIVILLIGHEITA:

For å gjere det enklare å finne fram til dei rettleiarane som er relevante for kulturfrivilligheita, har vi samla nokre her:

Kulturlokaler.no

Rettleiar: Skolen som kulturarena

God tilgjengeligheit og universell utforming i kulturlokaler | Kulturlokaler.no

Hvordan og hvorfor finne ut noe om akustikken i et kulturlokale? | Kulturlokaler.no

Dårlig luft eller kjip akustikk? Tips til bedre øvingsrom! | Kulturlokaler.no

Teknisk utstyr til kulturlokaler | Kulturlokaler.no

Frivillighet Norge

Organisasjonshåndboka

Knekk inkluderingskoden | Frivillighet Norge

Frivilligheten styrker "Laget rundt barnet" |

Ungfritid.no

Allemed.no

ALLEMED er utvikla av organisasjonsnettverket Nasjonal dugnad mot fattigdom og utanforskap blant barn og unge (NDFU) og blir finansiert av Bufdir sitt «Tilskot til inkludering av barn og unge».
Dette er eit gratis nasjonalt verktøy som skal gjere det lettare for deg å inkludere alle barn og unge i fritidsaktivitet, uavhengig av familien sin økonomi.

Unge Funksjonshemmede

Handbøker | Unge funksjonshemmede

Barrierefri fritid

Inkluderingsrettleiar — Barrierefri fritid

Konkrete tips til korleis legge til rette: Tips til Arrangør

Arrangor.no

Arrangørwikien består av nyttige artiklar, dokument, malar, lenker og anna info som dekker alle fasar av arrangøren si verd:

Temaoversikt - Norske Kulturarrangører

Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn

Fleirreligiøs høgtidskalender

Eksempel til inspirasjon frå nokre kulturfrivilligheitsorganisasjonar

Korps:

Norges Musikkorps Forbund har laga rettleiarar, infobrosjyrar på ulike språk, infofilmar og artiklar som kan inspirere og vere nyttige for alle barn som driv eller skal starte opp ein aktivitet for barn og unge. Sjekk ut deira nettsider her: www.korps.no

Korpsnett Norge har rettleiarar og inspirasjon i sitt materiell: Rekruttering og inkludering: brosjyrer og informasjonsmateriell – Korpsnett

Kor:

Korforbundet: Norges Korforbund

Ung i kor

Norsk sangerforbund har utviklet Korhåndboka

Andre ressursar

I ein frivillig organisasjon er det lurt å velje ein stad ein kan kommunisere med medlemmane sine om interne aktivitetar, betaling, endringar i aktivitetsoversikten og så vidare. Det er ulik praksis og vårt generelle råd er å høyre med moderorganisasjonen om kva dei tilrår. Kanskje dei har ein avtale med ein plattform. Andre tips er Spond, Signal, e-post og sosiale medium.

Kulturrettleiaren

Korleis få med barn og unge på dykkar aktivitet? – Ein rettleiar til hjelp for organisasjonane

Hurra! Denne rettleiaren har infotekn med meir informasjon. Opne i Adobe Acrobat for best resultat.

TILSKOTSORDNINGAR

Tilskot er eit verkemiddel for å nå bestemte mål. Tilskot skal bidra til å etablere, støtte og styrke tiltak som organisasjonen ønsker å oppnå. Tilskotsordningane varierer og har ulik målgruppe, tal søkjarar, budsjettstorleik, tildelingskriterium og type mottakarar.

GENERELLE TILSKOTSORDNINGAR

Tilskotsordningar – Tilskudd.no

Tilskotsordningar frå Kultur- og likestillingsdepartementet - regjeringen.no

Søk støtte - kulturradet.no

Tilskot for frivillige organisasjonar | IMDi

Grasrotandelen | Norsk Tipping

TILSKOTSSORDNINGAR RETTA MOT BARN OG UNGE

Frifond – Noregs enklaste støtteordning for barn og unge

Støtteordningar - LNU – Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner – LNU – Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner

Søkbare midlar - Kulturtanken

Instrumentfondet – Nyttig innhald - NMF

LEGATER

Eit legat er ei økonomisk gåve (ei pengegåve) som blir delt ut til organisasjonar eller personar som møter bestemte kriterium. Det finst legat for mange ulike føremål, for eksempel utdanningsstipend, stipend for ungdom, for kunstnarar, musikarar og idrettsutøvarar og så vidare. Legathandboka har oversikt over alle legat og blir gitt ut kvart år. Les meir om legat på stipendportalen.

TILSKOTSORDNINGAR SPESIELT RETTA MOT KULTURFRIVILLIGHEITA

Kulturrom – Tilskuddsordningen for teknisk utstyr og lokaler

Kulturminnefondet | Vi hjelper private eiere å bevare sine kulturminner

Grasrotandelen | Norsk Tipping

Utlysning - Stiftelsen Dam

NORSK MUSIKKRÅD

Tilskot til nasjonale musikkorganisasjonar – Norsk musikkråd

KOMP – Norsk musikkråd

Rekruttering og deltaking - korps og orkester – Norsk musikkråd

KOR

Norges Korforbund

Støtteordningar for kor – Norsk sangerforum

Medlemsfordelar — Ung i Kor

STIFTINGAR

Oversikt over stipender, legater, stiftingar som støtter kunst, scene og kultur:
Kunst, scene og kultur - Stipender, legater, tilskudd og støtteordninger

Stiftelsen Dam

Sparebankstiftelsen

Bergesenstiftelsen



Støtta av:
Kulturtanken

Utarbeidd av:
KULTUR ALLIANSEN

Arbeidsgruppe:
Norges Musikkorps Forbund, Ung i kor, Dissimilis, LNU